Arkivkode: 037
Saksnr.: 2026/1362-3
Sakshands.:Jan Myrekrok
Dato: 28.10.2026

VINJE

Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	29.10.2026	79/26
Kommunestyret		

Eigarstrategi for Kvito AS

Vedlegg

1 Referat frå eigarmøte i Kvito den 11 februar
2 Referat frå eigarmøte Kvito i Vinje
3 Samandrag og tilråding frå styret i Kvito med vedlegg
4 Tall og fakta oversikt til eigarar 2026
5 Notat - Vurdering av samlokalisering
6 Samandrag og tilråding frå styret i Kvito til eigarane
7 Utkast til eigarstrategi for Kvito AS

Dokument i saka

Eigarskapsmelding for Vinje kommune 2024/2027.

Bakgrunn

Kommunane Kviteseid, Nissedal, Tokke og Vinje er eigarar i *Kvito AS* og dotterselskapet *Kvito utvikling og arbeid*. Selskapa skal levere tenester innan arbeidsinkludering, varig tilrettelagt arbeid (VTA) og kvalifisering for personar med nedsett arbeidsevne.
Aksjonærar og eigarandel:

- Kviteseid 21,78%
- Nissedal 0,43%|
- Tokke 14,78%
- Vinje 63,01%

Kvito er medlem av Kopano. Kopano-kjeda, der fleire tilsvarande bedrifter i landet inngår, er ein av dei største aktørane innan arbeidsinkludering og VTA, med om lag 38–40 partnarar fordelt over heile Noreg. Desse bedriftene har gjerne offentleg eigarskap, utbytteforbod og ei sentral rolle i inkluderingspolitikken.

Denne sektoren er generelt prega av omfattande reformer, sterk konkurranse om NAV-kontraktar og teknologisk utvikling. Styret i Kvito sendte 8. april deira tilråding om justering av kursen for selskapet. I vedlegget «Samandrag og tilråding» gjennomgår Kvito hovudutfordringar, overordna vurderingar og målsetjingar for tiltak og endringar. Styret ønskjer endelege avklaringar til generalforsamlinga i juni som kjem.

Styret i Kvito skisserer, basert på eit tidlegare eigarmøte, fem ulike utgreiingsalternativ:

Alternativ 0 – Vidareføring av dagens drift
Alternativ 1 – Samlokalisering
Alternativ 2 – Delvis omstrukturering (Åmot og Kviteseid)
Alternativ 3 – Deling av selskapet
Alternativ 4 – Samanslåing med andre aktørar

Selskapet gir ei kort vurdering for kvart alternativ, og rår frå alternativa 3 og 4. I tilrådinga deler styret seg i eit fleirtal og eit mindretal:

Fleirtalet fatta følgjande vedtak:
Aktivitetane i Kvito AS og Kvito Utvikling og Arbeid AS samlast på éin lokasjon. Det vil gi best fagleg og sosialt utbytte for arbeidstakarane og dei tilsette, og vere den beste løysing for driftseffektivitet. Eit vesentleg argument for samling er moglegheit for å gje et best mogleg og differensiert tilbod til arbeidstakar slik at også arbeidstakar med behov utover 1:5 enklare kan takast betre hand om.
Styret ønsker beslutning i generalforsamling om å utrede alternativ for samlokalisering, av transporthensyn enten i Høydalsmo eller Åmot. Resultat av ei slik utgreiing vil så leggjast fram for ei ekstraordinær generalforsamling.

Mindretalet hadde følgjande forslag til vedtak:
Dagens eigedomar i Kviteseid og Åmot rustast opp til å tilfredsstilla dagens krav, slik at både arbeidsmiljø blir bra og at planlagde arbeidsaktivitetar kan gjennomførast på ein sikker måte. Aktivitetar for arbeidstakarar oppretthaldast både stader.

Vurdering

I meir enn 30 år har Kvito m. fl. bidrege til at personar med særskilte behov skal ha meiningsfulle kvardagar og høve til å bidra aktivt i samfunnet. Dette må ligge fast sjølv rammevilkåra er i endring. Det same må forventinga til selskapet om at det greier å famne om alle kommunane sine brukarar, i det minste slik at kommunane ikkje må opprette parallelle tilbod i tillegg til tilbodet hjå Kvito.

Behovet for ein revidert eigarstrategi og vegval for selskapet er elles forsterka av:

- endringar i NAV sine anskaffingsmodellar
- ny arbeidsinkluderingspolitikk frå staten for motverke utanforskap
- auka krav til digitalisering
- forventningar om dokumenterbar effekt og måloppnåing
- skjerpa konkurranse frå både ideelle og private aktørar
- økonomisk ubalanse i selskapet
- selskapets forslag til eigarane om endringar i oppdraget

Ein tydeleg eigarstrategi skal sikre at kommunane får best mogleg samfunnsverdi av eigarskapet, og at selskapet er rusta til å vere ein trygg og framtidsretta leverandør av inkluderande arbeidslivstenester.

Det er lett å stille seg bak styrets merknad om at tilbodet skal vere fullfinansiert og at det ikkje skal førekomme kryssubsidiering.

Dei ulike alternativa:
Samlokalisering i eit nybygg er fleirtalet i styret sitt føretrekte alternativ fordi det:

- Gjev faglege og sosiale gevinstar og meir effektiv drift
- Krev investeringar (nybygg eller rehabilitering)
- Kan redusere lønskostnader betydeleg
- Transport må løysast i samarbeid med kommunane
- Står fram som det økonomisk mest gunstig på sikt, men kapitalkrevjande

For Kviteseid og Vinje kommunar er det særleg avgjerande med gåavstand til dagaktivitet for personar med funksjonsnedsetjing. For fleire av brukarane vil ikkje dageleg transport til eit samlokalisert tilbod vere eit alternativ, anten ein peikar på Høydalsmo eller Åmot. Så lenge situasjonen er slik, så vil ikkje **Alternativ 1** vere eit godt val for desse kommunane.

Alternativ 2, delvis omstrukturering, legg opp til framhald i dagens lokalar i Åmot og Kviteseid. I Kviteseid må ein totalrehabilitere dagens bygg eller flytte aktiviteten til eit anna bygg i Kviteseid. Kommunedirektørane anerkjenner behovet for ei standardheving på dei to stadane, og at Kvito bør halde fram i dagens lokalar i Åmot og Kviteseid. Det er rimeleg at kvar kommune tek økonomisk ansvar for «sin» lokasjon, og har siste ord i vurderinga av flytting eller rehabilitering av dagens lokalar. Ut frå handlingsrommet i kommuneøkonomien, tek ein utgangpunkt i at ein oppgraderer dagens lokalar.

Når det er sagt, så reiser brukarane i dag mellom Kviteseid, Treungen, Dalen og Åmot. Det kan dreie seg om alt frå faste arbeidsoppdrag på Dalen Mekaniske eller planlagde turar for miljøskifte og besøke dagsenteraktivitetar på ein annan Kvito-lokasjon. Slik sett vil det ikkje vere tenleg å låse aktiviteten til selskapet geografisk i form av ein ny aksjonæravtale.

Alternativa 3 og **4** inneber deling av selskapet eller fusjon med andre aktørar. Fusjonsmoglegheiter er ikkje kartlagt. Kommunedirektørane støttar styret sine synsmåtar.

Formål med eigarskapet

1. **Å sikre varige, stabile og fagleg gode arbeids- og kvalifiseringstilbod** for innbyggjarar med behov for tilrettelagt arbeid.
2. **Å bidra til inkludering, meistring og deltaking i arbeidslivet**, i tråd med kommunen sine mål innan folkehelse, levekår og samfunnsutvikling.
3. **Å sikre beredskap og kompetanse lokalt**, gjennom ein aktør som forstår dei lokale arbeidsmarknads- og samfunnsbehova, og tek ansvaret for heile samfunnsoppdraget.

4. **Å legge til rette for innovasjon og utvikling**, slik at selskapet er konkurransedyktig og kan vinne relevante NAV-kontraktar.

Eigarpolitikken skal vere eit styrande dokument for kommunens forventningar til selskapet.

Overordna mål for selskapet

3.1 Samfunnsoppdrag

- Tilby VTA-plassar og kvalifiseringsløp av høg fagleg kvalitet som dekker heile behovet til eigarkommunane
- Skape moglegheiter for overgang til ordinært arbeid når det er realistisk og ønskjeleg
- Vere ein inkluderande og heilskapleg arbeidsarena for gruppene med størst barrierar
- Bidra til berekraftige og sosialt inkluderande lokalsamfunn. Ha særleg fokus på følgjande av SN sine 17 berekraftsmål



Tenesteportefølje

Selskapet skal som hovudregel tilby:

- Varig tilrettelagt arbeid (VTA)
- Arbeidsretta kvalifisering og oppfølging
- Arbeidsforberedande trening (AFT), dersom mogleg
- Bedriftsretta tenester som støttar inkludering

Økonomi og drift

- Selskapet skal drive innanfor økonomisk berekraftige rammer.
- Eventuelt overskot skal tilbakeførast til vidare utvikling av tenestene (utbytteforbod).
- Kommunen skal ha tydeleg innsikt i økonomi, risiko og utviklingstiltak.

Eigarane sine forventningar
Til leiing og styring
Kommunane forventar at selskapet:

- har profesjonell leiing og eit kompetent styre
- nyttar open, etterprøvbar rapportering
- byggjer kultur for kontinuerleg forbetring og læring

Til kvalitet og brukarmedverknad
Selskapet skal:

- følgje bransjestandard for VTA
- gjennomføre systematiske brukarundersøkingar
- sikre individuelt tilpassa tilbod med høg grad av medverknad

Til samarbeid
Selskapet skal ha gode relasjonar til:

- Eigarkommunane
- NAV
- lokale arbeidsgivarar
- helse- og velferdstenestene (inkl. psykisk helse, rus, flyktningtenesta m.v.)

Til innovasjon og digitalisering
Selskapet skal:

- nytte moderne arbeidsverktøy og digitale metodar
- vere open for samarbeid i kjeder eller nettverk for å styrke konkurransekrafta
- vurdere å delta i relevante utviklingsprogram (som t.d. Kopano, digitale plattformar m.m.)

Forslag til styringsprinsipp

1. **Aktivt eigarskap:**
   Kommunane skal utøve eigarrolla gjennom generalforsamlingar, faste eigarmøte og gjennomgåande evaluering.

2. **Klare mål og indikatorar:**
    - tal VTA-plassar
    - tal i kvalifisering
    - overgang til arbeid/utdanning
    - dekningsgrad for gruppa som treng dagaktivitet - personar med funksjonsnedsetjing ≈ 100%
    - brukar- og arbeidsgivar-tilfredsheit
    - økonomisk resultat
    - Utvikling av aktivitetar

3. **Fagleg kvalitet:**
   Selskapet skal vere sertifisert eller jobbe etter anerkjente kvalitetssystem.
4. **Samfunnsøkonomisk verdi:**
   Selskapet skal bidra til å redusere utanforskap og auke deltaking i arbeidslivet.

Risikovurdering
Identifiserte risikoar:

- endringar i NAV sine anskaffingar
- høgare konkurranse frå kommersielle aktørar
- teknologiske krav som krev investeringar
- rekrutteringsutfordringar innan arbeidsinkluderingsfeltet

Risikoreduserande tiltak:

- tett dialog med NAV
- samarbeid i nettverk/kjede
- styrking av kompetanse i styre og leiing
- god eigaroppfølging og langsiktige mål

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek eigarstrategien med mål og kvalitetsindikatorar som styrande dokument for kommunens eigarskap i selskapet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtek vedlagde eigarstrategi for Kvito AS.